Juni og juli 2026

Informasjon

# Bygdebladet

## Bondal - Hjartdal - Sauland - Tuddal



møte
mellom
menneske

HJARTDAL FRIVILLIG SENTRAL

# GODE SOMMERMÅNADER !!

Bildet på framsida er frå Slattefestivalen.no sin nettside.

TRYKTE BLAD ER PÅ

- BIBLIOTEKET/FRIVILLIGSENTRALEN
- SERVICEKONTORET på Kommunehuset
- JOKER I TUDDAL som Anette frå servicekontoret tar med. MANGE TAKK!!
- SPAR SAULANDTUNET
- Hjartdal Pensjonistlag sponsar kjøyring og har medlemmer som kjøyrer Bygdebladet rundt i postkassene i Hjartdalsbygda. TAKK SÅ MYKJE TIL ALLE!!

**Hjartdal Frivilligsentral, Saulandsvegen 414, 3692 Sauland**

**Tlf: 48 23 77 91 E-post: post@hjartdal.frivilligsentral.no**

**Vi takker og bukker og treng sårt sponsing og gåver til Bygdebladet!!**

**Vipps: 739178 (søk opp Hjartdal Frivilligsentral)**

**Kontonr: 2699.43.74000 (Merk «Bygdebladet»)**

HJARTDAL FRIVILLIG SENTRAL

møte
mellom
menneske



# Åpning av ny scene på Bygdetunet i Tuddal

Den nye scena er klar og den må prøvevast, og det blir **Laurdag 27.juni**

**Bygdedagen i år blir 22.august.**

Verdensdagen for psykisk helse blir i år markert torsdag 15.oktober 2026.

I år blir det kaffipause.

VELKOMMEN!!




## Graver utan festar

I løpet av somaren vil fleire av dykk finne eit lite skilt som dette ved graver i dykkar familie.

Vi har ein god del graver som manglar festar. Etter lova ( https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1996-06-07-32 ) kan vi slette graver utan fester, men vi gjer ein jobb med å finne fram til ny festar først. I dei fleste tilfeller handlar dette om at tidlegere festar er avdød, og så er det ikkje oppnemd nokon ny. Det er familiane sjølv som er ansvarleg for dettte. Kyrkjeverja er glad for hjelp med å rydde i gravregisteret.

Dersom det ikkje vert meldt om kven som skal vere festar innan rimeleg tid, vert grava sletta og gravstein fjerna.

Helsing kyrkjeverje Alf Rose Sørgaarden

# Tilla og Oles legat og Gudrun Hovdes legat

Det inviteres til å sende inn forslag på kandidater til tildeling av gavemidler fra legatet.

Legatet har som formål å fremje småbruksnæringa og kulturlivet i Hjartdal kommune. Midlane kan tildelast enkeltpersonar, lag eller grupper som har gjort eller planlegg tiltak og innsats til gagn for lokalsamfunnet.

Årets tildeling er retta mot småbruksnæringa i Hjartdal kommune.

Forslag med kort grunngjeving sendast til

tone.gyrid@gmail.com innan 31.07.26.




Når det kvite flagget med UTEKONTAKT er der, er Thomas Rasmussen (tlf: 47280629) på plass.

Når det grønne beach-flagget er ute ved Biblioteket på Saulandtunet er Torunn på kontoret.

VELKOMMEN INN ALLE SAMAN!!

Ellers er frivilligsentralen tilgjengeleg på telefon 48237791 og e-post: post@hjartdal.frivilligsentral.no

# Tuddal Skyttarlag

*Skyting på banen følgende dager 2026*

27/5, 31/5,
3/6, 7/6, 10/6, 14/6,
17/6, 24/6, 5/8, 9/8, 12/8, 16/8,
19/8, 26/8, 2/9 og 9/9

Påmelding
onsdag mellom kl 18:00 og 19:00
søndag mellom 17:00 og 18:00

Husk les oppslag på banen
og følg reglane!
NB: Nye reglar for bæring av våpen på banen.

Ta med eget liggeunderlag hvis ønskelig.
Husk våpenkort og medlemskort!

**Styret**



# Folketonemesse

Høyr Magnhild i Tuddal kyrkje 7. juni kl 11.00. Den årlege folketonemessa får i år besøk av Magnhild Garnås Haugen. Ho er fødd i Hjartdal i 2004, bur i Oslo, studerar på Norges Musikkhøgskole og er frilans songar. Magnhild har utmerka seg som ein av de mest lovande unge musikarane dei siste åra, og er nominert til "Årets unge musiker". Ho er oppteken av å ta vare på tradisjonene innen kveding. Etter gudstenesta blir det kyrkjekaffi med kling på "trekanten" framom kyrkja (eller inne hvis regn). På kyrkjekaffien kan det hende det dukkar opp ein endå meir lokal ung musikant.

| | | | | JUNI |
|---|---|---|---|---|
| Sundag | 07.jun | kl 11.00 | Tuddal | Folketonemesse |
| Sundag | 14.jun | Kl 11.00 | Sauland | Utegudst skaparverkets dag |
| Sundag | 21.jun | kl 11.00 | Hjartdal | Gudsteneste |

Anten det er deg eller nokre du kjenner, kontakt kommunens **TryggEst-koordinator** på

**907 01 772**

**Tastevalg 3**

**Kvardagar 09.00-14.00**

HJARTDAL KOMMUNE




## Snart klart for Sommarles.no!

Snart er det klart for den digitale lesekampanjen Sommarles.no. Frå 1. juni kan alle 1. - 7.klassingar i **Hjartdal kommune** vere med på Noregs kulaste lesekampanje, saman med barn frå heile Noreg. Sommarles.no har vore ein stor suksess gjennom fleire år, og i fjor deltok over 162 000 barn. Målet med kampanjen er å motivere barna til å lese så mykje dei berre orkar i løpet av ein lang sommarferie.

SOMMERLES.NO

**gjer det gøy å lese!**

**Sommarles.no** er ein digital lesekampanje på nettsida **Sommarles.no**. Barna lagar seg ein profil, registrerer alt dei les i kampanjeperioden og får poeng for tida dei vel å bruke på lesing.

**Sommarles.no** er for barn i 1. - 7. klasse og varer fra 1. juni til 31. august.

**Barna får tilgang** til ei spesialskriven forteljing av forfattar Mari Moen Holsve.

**Premiar:** I tillegg til XP, kan barna også gjere seg fortente til digitale trofé og kule premiar som kan hentast på biblioteket!




Når vi kjem til hausten og lesekampanjen er over, markerer vi det med avslutningsfest. Sidan tema i år er teikneseriar, kjem **H. L. Phoenix** – det er han som har teikna i Pirat-tvillingane og Arkin.




Avslutningsfesten blir på Bok- og Blues-huset på Notodden tysdag 8. september kl 1730.

SOMMARLES.NO

**Ta kontakt med biblioteket om det er noko de lurar på.**

Opningstidene på biblioteket er

Tysdag 1200-1700

Onsdag 1400-1700

Torsdag 1400-1900

**Sommarles.no** er utvikla av Vestfold fylkesbibliotek og Snuti AS.

UTSTYRSLAGERET PÅ FRIVILLIGSENTRALEN

**OPENINGSTIDER:**

TYSDAGAR FRÅ 10-15 og 17-20.

OG TORSDAGAR FRÅ 10-15.

Gratis utlån av eit mangfold av utstyr.

Utlånstid: 14 dager. Tlf: 48237791

**VI HAR MED HJELP AV SYKKELREPRATØR HRYHORII I GANG EIN VERKSTAD FOR SMÅREPRASJONER.**

**TYSDAGAR FRÅ 15-18**



Hjarte Cafe

# ÅPNINGSTIDER

| | |
|---|---|
| Mandag | 10.00 - 15.00 |
| Tirsdag | 10.00 - 15.00 |
| Onsdag | 10.00 - 15.00 |
| Torsdag | 10.00 - 15.00 |
| Fredag | 10.00 - 15.00 |

# Natur og Ungdoms Sommerleir

**Sommerleir:** Årets leir skal være

på Hardangerakademiet i Jondal, 22. - 26.juni. Sommerleiren er åpen for alle, ikke bare medlemmer av natur og ungdom.  Programmet er en fin variasjon av politisk påfyll og sosialt opplegg. Blant annet skolering i kjernekraft og olje, men også fotballturnering, skogtur, klatring og konsert. Arrangementet er rusfritt og for ungdommer i alderen 13 – 25.  Påmeldingsavgift er 250kr, men vi dekker hele reisen så lenge man er medlem i NU. Dette blir årets høydepunkt og vi oppdaterer løpende på vår nettside her: Sommarleir 2026 | Natur og Ungdom

**Hammarslag for framtida:** Vi arrangerer også Hammarslag for framtida i år, som er en nyere suksess i organisasjonen vår. Her er ungdommer med på å restaurere et gammelt hus, og får lære

om tørrmuring og vindusrestaurering. I tillegg lærer man om bygningsvern og naturvern. I år skal arrangementet være 2. - 5. august på Stord. Mer om arrangementet kan man finner her: https://www.nu.no/arrangement/hammarslag2026

NATUR OG UNGDOM



Treff for Strikkeklubben på Sauland Menighetshus

er 1. og 3.tysdag **i månaden.**

**I juni blir det 2. og 16.**

Vi møtes **kl.11** og har med niste og drikke sjølv.

VELKOMMEN!!

Stad: Sauland Menighetshus, Saulandsvegen 545

langs E 134.

Kontaktperson: Torbjørg Kleppen tlf: 928 56 036

# Sauland Pensjonistlag

Medlemsmøte på Løvheim

**Tysdag 16.juni kl.12.00**

Sang og spel med Kjell Kaasa.

Da det blir utvida matservering, må vi ha påmelding. Ring Kjetil på tlf: 992 74 012 for å melde deg på.

Tidligare anonnsert tur til Vemork 9.juni er avlyst.

Vel møtt!

Helsing styret

*Ved eit langvarig straumbrot og bortfall av elektroniske kommunikasjonskanalar, som telefon og internett, er det viktig at du som innbyggjar veit kvar du kan vende deg for å få informasjon frå kommunen og melde frå om du treng hjelp.*

## ***Oppmøtestad ved langvarig bortfall av mobilnett:***

# ***Hjartdal Omsorgssenter***

*Hågånvegen 19, 3692 Sauland*

*Sjå heimesida til kommunen for meir informasjon.*



# Nordbø gard og stule opnar ved Sankt-hanstider.

Vi er der kvar dag fram til midt i august.

VELKOMMEN på ekte rommevafler, romegraut, speke-mat og nytt av året er heimelåga saft av blåbær, rips og solbær.

Både på setervollen på Bjordal og i Gildestugo på Nordbø Gard kan vi servere inntil 25 personar.

Nordbø Gard : Fosserudvegen 39, 3690 Hjartdal

Bjordal stule. : Fjellvegen

nordbø GARD & STULE Tradisjonsmat frå Hjartdal

Tlf: Nordbø Gard- og Stule: 48149581 - 91893148

SPAR

Saulandtunet Mat

Telefon 35 02 33 55 • Faks 35 02 33 53
Åpningstider: Hverdager 08–21 • Lørdag 09–20
Medisinutsalg

postnord LOGISTICS

Posten Norge

NORSK TIPPING

# Bank i butikk

**Viste du at kassene på Spar kan brukes som minibank?**

**Maks Uttak per kort er 10 000 kr.**

**Maks Innskudd er 20 000 kr per kort.**

**Gjeld alltid når butikken er open.**

SPAR

SPAR



# Holm Landhandel 2026

5.juni åpner vi igjen dørene og underbygger dugnads-ånden i Hjartdal. Holm landhandel vil ta varmt imot deg med dugnadsinnsats og våre dyktige unge sommer medarbeidere.

Som vanlig tilbyr vi super gode vafler, kaffi i en fei, ute og innebord med bøker , tegne- og lesekrok, og ikke minst en innholdsrik landhandel med et utall artige og gode produkter. Både til å spise og gi bort. Ute finner du også en hylle sommerbøker du kan ta med, og en kartoversikt om vi skulle være stengt ved ditt besøk. Du finner oss på face og Insta på Holm Landhandel.

En avstikker på Sogevegen, vil ta deg til kjente og ukjente perler, en vandring i et vaskekte kulturlandskap med beitedyr og badekulper, turmuligheter i bygd og fjell. Stoplejakten er også i gang midt i juni.

**Åpningstider:**

Fredag 12-17

Lørdag 12-17

Søndag kl 12-17

ut mot slutten av august.

Kontakt oss utover det og vi ser om vi kan trylle fram et vertskap til ditt behov.

Velkommen og spre det gode rykte :)

sammen skaper vi
gode og inkluderende
lokalsamfunn

# SAULAND

Bygdedag i Sauland laurdag 5.september.

Påmeldingsinformasjon sendast ut på e-post i løpet av mai.

Ta kontakt med Bjørn 903 60 553

Eller bjornrugaas@gmail.com



## FRIVILLIGSENTRALENS UKEPLAN:

MONDAG 12-16 MØTEPLASS

TYSDAG 10-15 MØTEPLASS




TYSDAG 13-15 SPRÅKKAFE

TYSDAG 15-18 MEKKEHJELP

TYSDAG 18-22 MØTEPLASS

TYSDAG 20-22 RADIOBINGO

ONSDAG 16-18 BIBLIOTEK PÅ BYGDESENTRALEN

TORSDAG 10-12 DATAHJELP

TORSDAGER 10-14 MØTEPLASS

FREDAG 12-16 MØTEPLASS

## Vi har behov for økonomisk hjelp til

## Bygdebladet og servering

Her blir det servering av gratis særegne vaffler med rømme og syltetøy, kaffi/te.

VELKOMMEN TIL ALLE!

Nasjonalforeningen for folkehelsen

Tuddal helselag

Tuddal helselag skal ha siste møte før sommerferien på skulen i Bondal, måndag 1.juni kl.18.

Gje gjerne beskjed til Gunhild

Tveiten 97525163, om du vil vere med, samkjøring pga parkering.

Tuddal Bygdekvinnelag – ein møteplass for aktive kvinner, trivsel og læring. Interessante tema på kvart møte.

Bygdekvinnelaget har møte kvar andre tysdag i månaden på Røde Kors huset kl.19.

Kontaktperson Vibeke Aarbakk, 95205558

Velkommen til oss!



**Tuddal idrettslags gåturar tysdagar i perioden mai-september 2026**

Alle som likar å gå ein god tur, er velkomne til å bli med Tuddal idrettslag på tur kvar tysdag sommaren 2026. Turane er av ulik lengde og er meir eller mindre krevjande. Alle turane er knytt opp mot Trimpoeng, «På tur med Tuddal I og Skue sparebank 2026». Har du lyst til å samle poeng, må du difor laste ned appen før du startar.

På kvar tur er det viktig å ha gode tursko og høvelege klede!

Alle turar har innlagt pause/kaffirast. Ta med litt mat og drikke – og vatn å drikke.

Viss du vil vite meir, kan du ta kontakt med turansvarlege Sven Bakken (tlf 99744443) eller Mari Søgaard (tlf. 97021133). Vi har også med eigen «kjentmann» på fleire av turane.

Her kjem heile turopplegget for perioden 26.mai til og med 1.september. Men ver klar over at verforholda kan medføre endringar.

Inga påmelding. Oppmøte tysdagar kl 9 ved Vesle Bokstua. Vidare kjører vi med private bilar.

| Veke og dato | Turen | Turans- |
|---|---|---|
| v.22 | Kjerringsteinløypa. Kaffipause i Gapahuken. Tillegg for dei som vil, tilbaketur om Måsåfjell. | Sven Bakken |
| v.23 | Rundtur: Åsen - Gamle Bondalsveg - Djupedalsflåta – Djupedal – Skulen. | Mari Sø-gaard |
| v.24 | Kaffihaugen – Husevatn t/r. | Mari Sø-gaard |
| v.25<br>16.juni | Sveigen - Sveigsnatten t/r. Dei som har lyst, kan i til-legg gå merka stig vidare over Kyrkjefjell ned til Fosse- | Mari Sø-gaard |
| v.26 | Rundtur: Våtjønn - Primhaug – Kleivstul - Gapahuken ved Våtjønn | Mari Sø-gaard |
| v.27 | Skitnetjønn – Kåloset t/r. | Sven Bakken |
| v.28<br>7.juli | Flugonfjell – Trytetjønn.<br>Alle går vegen frå innkjøringa til Flugonfjell hyttefelt til toppen av slalombakken og stigen vidare til Tryte-tjønn. Retur same vegen tilbake til bilane eller via sjekkpunkt Trytetjønn og vidare over Flugonfjell og | Mari Sø-gaard |
| v.29<br>14.juli | t/r Bonsnos med utgangspunkt Brekke i Bondal. Dei som vil, går heilt til toppen. Andre kan gå ei kortare etappe før dei går tilbake til Brekke. I tilfelle «dårleg | Mari Sø-gaard |
| v.30<br>21.juli | Rundtur: Vindsjåen – Grunntjønn – Lauvhaug – Våt-jønn. | Sven Bakken |
| v.31<br>28.juli | Stigen Råen – Ljostjønn t/r eller stig vidare frå Ljostjønn til Skinatten og stigen vidare til Råen. Det er vassføringa i Gjuvåo som avgjer om vi kan gå rundt om Skinatten eller t/r Ljostjønn. | Sven Bakken |

# TUDDAL
# HUSFLIDSLAG

Onsdag 15. juli og Onsdag 22. juli

kl.16:00 vil

UNG HUSFLID

demonstrere og holde minikurs i kunsten å slenge sokkeband på bygdetunet i Tuddal.

Velkommen til ein koselig samling på tunet!

Medlemsfordeler:

- Datahjelp på Frivilligsentralen torsdagar mellom 10 og 12.
- Datahjelp over telefonen, mandag til fredag mellom 09.00 og 15.30
- Nyhetsbrev og magasin
- Kurs, veiledning og foredrag

Medlemskontingenten er 450 kroner i året. Ta kontakt med Hjartdal frivilligsentral eller besøk: www.seniornett.no

Du kan også ringe 22 42 96 26 eller send en e-post til kontor@seniornett.no

Seniornett
HJARTDAL



Foreiningsportalen og Foreiningar i Hjartdal sin nett-side med

Startside,

💙 Foreining, ⭐ Aktivitet , Kalender

Er nå utvida med Bedrift.

Målet er å få samla all frivillig aktivitet + reiseliv og alle andre små og store bedrifter i kommunen vår.

Har du ein liten eller stor bedrift du vil informere om heilt gratis og enkelt. Da ville eg sjekka ut Hjartdal Foreiningsportal, og ta kontakt med Hjartdal Frivillig-sentral som administrerer denne sida.

Statistikken syner at Foreiningar i Hjartdal blir bruka meir og meir for kvar månad i år. Tenk å få samla alt det

gode vi har på ein plass…..

# Velkommen til Slåttefestivalen 13. juni 2026

Masse aktivitetar for barn og unge, god underhaldning frå scena for alle aldersgrupper. Ungdomsarrangement på fredagskvelden. Bygdefest på laurdagskvelden med Vandringsmenn og Vestaramp.

Alle kan bli med! I tillegg til NM i ljåslått har me ordinære tevlingar i stuttljå og langljå. Me har ljåar til utlån. Alle som ynskjer det kan prøve seg i tevlingane våre. Med unntak av rekruttklassa stiller alle deltakarar i NM. Det kan konkurrerast i stutt– og/eller langljå. Kontakt Ragnar Nørstrud på tlf. 92445911 viss du har spørsmål, påmelding startar i april.

Marknaden på Slåttefestivalen er noko å sjå fram mot. Her ventar me utstillarar som lagar husflid, og handverk, samt småskala matproduksjon. Gled dykk! Har du spørsmål, eller kanskje du vil stille ut ditt produkt? Ta kontakt med Elin Kultan Heddejord på tlf. 93820492.

Me ynskjer alle som har tid og lyst til å ta ei vakt på festivalen hjarteleg velkomen! Er det ei vakt du kunne tenke deg? Eksempel: sal av mat og drikke, parkeringsvakt, inngang, rydding, rigging, frakting, vakt på slåttefesten, sal av mat og øl/vin på kvelden, tidtakar i slåtten, rakst, vasking, koke graut og suppe, rusfritt arrangement for ungdommen… det er mykje som me treng dugnadsfolk til! Sei ifrå til Elin Kultan Heddejord på tlf. 93820492.



# Program

Fredag

19.00: gratis rusfritt ungomsarrangement med paintball på Svalastog i gvammen (frå 8.klasse og oppover)

Laurdag i Slåtteområdet

10.00: informasjon om slåttedagen og NM i ljåslått.

Dagens speaker: Sven Tore Løkslid

Nytt i 2026: SUPER-VETERAN-KLASSE for alle over 75 år.

ca kl.13.00:  Underhaldning frå scena:

Torgeir Straand

Erik Mogeno

Hjartdal barnegospel

Konferansierar er Tor Olav Aase Kåsa og Ruben Kvålseth. Saman skal dei få store og små til å le godt gjennom dagen!

Ca kl.15.00: Premieutdeling



Kulturlandskapssenteret si **utstilling** «Uti mark og eng – der soge og framtid møtest!» står open kl. 09:00-18:00 på festivallaurdagen. De finn den i Gamleskulen/ Kulturlandskapsskulen, ca. 300 meter vestover frå kyrkja. Utstillinga tek for seg norsk landbruk før og no, og har eit særleg fokus på matsikkerheit og andre klima- og miljøspørsmål knytt til landbruket. Utstillinga er retta inn mot skuleungdom og «folk flest».

Kulturlandskapssenteret

**Heile dagen er det slåttemarknad med lokalt handverk, husflid, traktorutstilling, leikar, dyr og lokal mat. Det blir hoppeslått for store og små, og salg av popkorn, slush og sukkerspinn.**

HTB Hjartdal Turist- og Bygdesentral

# Laurdagskvelden på **Bygdesentralen:**

20.00: Dørene opnar

21.00: Vandringsmenn

23.30: Vestaramp

02.00: Slutt





**LOFTHUS**

**Maskin & Transport**

Alt innen Graving og Massetransport.

### Tema 2026

# Tillit er beredskap.
# #hverhandlingteller

**Årets kampanje inviterer til en felles innsats for å styrke tilliten mellom oss. I møte med uro og splittelse er tillit en av de sterkeste motkreftene vi har.**

Mye oppleves mer urolig nå. Det er mer støy, hardere fronter og færre enkle svar.

Når vi blir utrygge, er det lett å bli mer skeptiske – til hverandre og til det som før kjentes trygt. Når tillit blir brutt, setter det spor. Og når mistillit får feste, taper vi alle.

Tillit bygges og svekkes i det små. I hvordan vi møter hverandre på jobb, i skolen, i nærmiljøet og i kommentarfeltet. Om det er rom for å si ifra, være uenige og om vi kan stole på det som blir sagt.

**Tillit formes i omgivelsene våre, og er et felles ansvar.**

I år inviterer vi til en ekstra innsats:
Å være en person andre kan stole på.
Ikke bare i ord – men i handling 🧡